

# REVIDERTE RETNINGSLINJER FOR

## «ØRAFONDET» I SURNADAL

Vetak i formannskapet 27.04.2022 sak 36/22



Foto: Eline Karlsdatter Faldseth

---

### *Bakgrunn*

---

Surnadalsøra er eit bevaringsverdig bygningsmiljø. Gjennom reguleringsbestemmelsene er det fastsatt regler for restaurering og vedlikehold av det ytre av bygningane. Surnadal kommune og Surnadalsøra velforening tok initiativ til å opprette ei støtteordning til huseigarar for å enklere oppfylle desse krava. Formannskapet i Surnadal gjorde 12.06.2018 slik vedtak: Surnadal kommune opprettar eit fond «Ørafondet» som skal være eit stimuli til sikring /utvikling av Surnadalsøra.

---

### *Formål med Ørafondet*

---

- Motivere huseigarar til å ta vare på det unike bygningsmiljøet på Surnadalsøra
- Skape trivsel og bolyst
- Motivere til at kulturnæring og reiselivsnæring finn det attraktivt å drive og etablere seg

---

### *Virkeområde og rammer*

---

Retningslinjene gjeld for tiltak på eigedomar vist som bevaringsområde i reguleringsplan for Surnadalsøra.

Det kommunale næringsfondet har avsatt årleg kr. 200.000,- over 3 år. I tillegg er det åpna for at andre aktørar kan bidra til fondet. Ordninga skal evaluerast og vurderes vidareført etter 3 år.

Formannskapet utgjer styret for fondet. Søknadene handsamast administrativt, og refererast i styret. Dersom retningslinjene skal reviderast må det fremmast sak for Formannskapet.

Vedtak kan påklagast etter Forvaltningslova § 2. Formannskapet er klageinstans.

---

### *Krav til søknad*

---

- Ein finn søknadsskjema på kommunen sine nettsider:  
<https://www.surnadal.kommune.no/tenester/naring/naringsutvikling/tilskott/orafondet>
- Søknadsfrist blir sett til 1. november kvart år, og tildeling skjer innan 15. desember.
- Det blir gjeve tilskott til prosjektering, restaurering eller vedlikehald.
- Samfinansiering med andre støtteordningar er ønskeleg, som til dømes:
  - Norsk Kulturarv [www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)
  - Kulturminnefondet <https://kulturminnefondet.no/>
  - Riksantikvaren <https://www.riksantikvaren.no/>
  - Møre og Romsdal fylkeskommune <https://mrfylke.no/tilskot-prisar-og-stipend#cat-387>
- Tilskotet avgrensast til maksimalt 50% av kostnadsoverslaget
- Maksimalt tilskot frå Ørafondet blir avgrensa til 50.000,- per år per eigedom
- Tilskotet blir utbetalt etterskotsvis etter at arbeidet er ferdigstilt og utgifter dokumentert. Dokumentasjon på ferdigstilt arbeid må vere sendt kommunen innan 1. oktober påfølgande år. Dersom arbeidet ikkje er ferdigstilt kan ein søkje om utsettelse.

---

### *Eksempel på aktuelle tiltak:*

---

- Restaurering/istandsetting/vedlikehald av fasadar; grunnmur, bordkledning, trapp, ytterdører, vindu, tak, takrenner, maling
- Fagleg/ handverksmessig vurdering og rådgivning

---

### *Kostnadsoverslag og sluttregnskap*

---

Timesatsar for arbeid som skal utførast (eks mva):

- Eige manuelt arbeid: kr. 250,-
- Leie av eksterne/konsulentar kr. 600,-
- Spesifiser mva i kostnadsoverslaget